



Fjordkjøkken AS
Postboks 4 - Djuphodl 2
4368 VARHAUG

Fjordkjøkken AS i Hå kommune, vedtak og oversending av nytt løyve til verksemd etter forureiningslova og oppheving av eksisterande løyve

Fylkesmannen i Rogaland har handsama søknaden frå Fjordkjøkken AS ferdig og gir med dette nytt løyve til verksemda etter forureiningslova på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt. Eksisterande løyve blir oppheva.

Me syner til søknad av 28/3-07 om nye rammer i nytt løyve til verksemd etter forureiningslova. Me syner også til seinare kommunikasjon i samband med sakshandsaminga.

Fylkesmannen i Rogaland gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår, følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 16, og erstattar eksisterande løyve gitt 4/12-97. Eksisterande løyve blir med dette oppheva.

Ved avgjerda om å gi løyve og ved fastsetting av vilkåra, har Fylkesmannen lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket vurdert opp mot dei samfunnsmessige og næringsmessige fordelar som tiltaket openbert vil føra til. Særleg er utsleppa frå Fjordkjøkken AS vurdert opp mot kapasiteten til både resipienten og det kommunale reinseanlegget. I dette høvet er det også lagt vekt på å skjerme Reiestadbekken mot utslepp av for mykje varmt kjølevatn. Ved fastsetting av vilkåra har Fylkesmannen i Rogaland lagt vekt på kva tiltak og rutinar som er naudsynte for å unngå forureiningskader, kva som samtidig er mogleg å gjennomføra utan for store kostnader og kva som kan bli oppnådd med dei teknikkar som er allment praktiserte for denne bransjen.

Dei komponentar som blir sloppe ut frå verksemda og som ein antar å ha mest å seie ut frå miljøomsyn, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet sitt pkt. 3 flg. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på dette viset, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp blei lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller openbert må ha vært kjent på anna vis då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i løyvet sitt vedlegg 1. For verksemdar kor slike stoff blir nytta som innsatsstoff eller blir danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet sitt pkt. 3 flg. eller utsleppa er så små at dei må vurderast å vere utan miljømessig tyding.

Det må understrekast at all forureining frå verksemda isolert sett er uønska. Sjølv om utslepp skal haldas innafør fastsette utsleppsgrenser, plikter verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjelder utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 51568700	e-post:	Telefon:
			postmottak@fmro.no	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 44	Telefaks:	Hjemmeside:	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	51568811

Dette løyvet kan endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar i løyvet skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av kvifor endringa er naudsynt. Ein eventuell endringssøknad må derfor liggja føre i god tid før endring ynskes gjennomført.

At forureininga er tillete, utelukkar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureininga, jf forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, plikter verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova og forskrifter som er heimla i desse lovane. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre regler som kan vere aktuelle for verksemda, visast til vegvisar i regelverk om helse, miljø og sikkerheit (HMS) på www.regelhjelp.no.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova samt forskrifter fastsett i medhald av desse lovane, er straffbart.

Sakshandsaming

Næringsmiddelbransjen blei delegert til Fylkesmennene 5/5-93. Fjordkjøkken AS starta opp i 1996 og søkt første gang om løyve 14/11-96. Gjeldande løyve er gitt 14/12-97 av Fylkesmannen i Rogaland. Etter dette har Fjordkjøkken AS fleire gonger sendt søknad om utvida produksjon; firmaet varsla allereie i januar 2001 om at produksjonsgrensa på 1500 tonn ville overskridast. I mai 2002 blei det søkt om produksjonsgrense på 3000 tonn årleg. I desember 2002 blei det bedt om at den nye grensa blei satt til 4000 tonn årleg. Produksjonen hos Fjordkjøkken AS har stadig auka, og 21 mars 2005 sendte verksemda søknad om produksjonsgrense på 7000 tonn årleg. Søknaden frå mars 2007 gjeld auke i produksjonsramma til 8000 tonn årleg.

Søknadane blei ikkje ferdighandsama dels på grunn av arbeidsmengder og prioriteringar hjå Fylkesmannen, og dels på grunn av at det var forventa at kommunane ville bli delegert desse oppgåvene i revidert lovverk. Det siste skjedde ikkje, men ved nokre høve har Fylkesmannen bedt den aktuelle kommunen om å følgje opp tilsvarande søknader frå næringsmiddelverksemdar dersom dei er koplade til kommunalt avlaupsnett. I dette høvet gjeld søknaden også løyve til utslepp av 14 m³ kjølevatn pr. time (3,9 l/sek) til Reiestadbekken (del av Søndre-Varhaugelv). Fylkesmannen er styresmakt for slike utslepp og også av denne grunn blir søknaden sakshandsama av Fylkesmannen.

Fjordkjøkken AS har fått utkast til løyve til gjennomsyn tidlegare og har kommentert krav til bruk av sil og restriksjonar på utslepp av kjølevatn. Føreliggjande løyve er ein ny utgåve som inneheld same utsleppsgrensene som tidlegare. Løyvet er individuelt utforma, men i utforminga er det nytta dei malane som Fylkesmannen er bedt om å nytte.

Høyring

Søknaden blei sendt ut på høyring 10/4 2007 til dei som var partar i saka. Hå kommune har ikkje gitt fråsegn, men har i tidlegare fråsegn sagt at det kan bli aktuelt å stilla nye krav til reinsing dersom kommunen får omfattande reinsekrav. Forureina avlaupsvatn blei på det tidspunktet ført til kommunalt nett og sloppe ut i sjøen vest for Varhaug. Utsleppet har seinare blitt overført til det nye utsleppspunktet og reinseanlegget for kommunalt avlaup ved Grøda-

land. Det er IVAR IKS som står for drifta av reinseanlegget på Grødaland og som har fått løyve til dette av Fylkesmannen. Søknaden blei derfor sendt på høyring til IVAR IKS også.

Det er ingen som har gitt fråsegn ved høyringa.

Verknader på vassressursar

Utsleppet frå Fjordkjøkken AS utgjer ei organisk og hydraulisk belastning på Bore reinseanlegg og har vært nokolunde uendra sidan utsleppet blei flytta frå Varhaug til Grødaland. Rekna ut frå BOF_7^1 utgjer den omsøkte maksimalbelastninga i eit døgn ca. 1300 personeiningar (p.e.) og i snitt ca. 1150 p.e. Reinsinga vil skje biologisk i eit reinseanlegg dimensjonert for 70 000 p.e. der reinsekriteria er primærreinsing. Sjølve utsleppet vil skje på ca. 18 meters djup og 450 meter frå land. Bølgjeeksponering, vindpåverknad og det grunne utsleppsdjupet saman med store periodevise belastningar på reinseanlegget, gjer at ein ikkje kan forvente verken langvarige lagdelingar eller sjikt i sjøen der avlaupsvatnet kan lagrast inn. Utsleppet vil kunne merkast nær utsleppspunktet ved gjennomslag til yta, og ved einskilde høve har utsleppet blitt synleg pga. ukontrollerte utslepp frå enkeltverksemder som har gått i overlaupet ved reinseanlegget. Men på grunn av etablerte interne tiltak som verkar utjamnande på avlaupstoppar og den lange transportetappen til reinseanlegget, er det lite truleg at Fjordkjøkken AS vil bidra til synlege gjennomslag til yta grunna ukontrollerte utslepp.

Kjølevatnet blir i dag ført i ei 3 - 400 meter lang open grøft til Reiestadbekken. Søknaden inneber ein auke i utsleppet av kjølevatn som er 3 gonger større enn i gjeldande løyve. I situasjonar med låg vassføring og høg vassstemperatur i bekken, vil dette kunne verke negativt. Overvakinga som Fjordkjøkken AS driv har så langt ikkje dokumentert slike effektar. Men ut frå vurderingar av ulike vassføringar i bekken kombinert med ulike bekketemperaturar, har Fylkesmannen lagt vekt på at temperatureffekten i bekken ikkje skal endrast p.g.a. ein auke i utsleppsvolumet. Samstundes er det openbert at desse grensene vil det vera viktigast å overhalda ved låge vassføringar.

Nå ser det ut for at Fjordkjøkken AS har funne ei betre løysing ved at kjølevatnet skal leverast som varme til ein kunstgrasbane. Leveransane kan skje heile året og inneber at utsleppa til bekken blir reduserte eler stansa. Samstundes inneber dette at når denne type infrastruktur blir lagt, kan energien i vatnet nyttast på anna vis også, bl.a. i varmpumper m.m.

Overflatevatn skal i størst mogleg grad handterast lokalt på verksemda sine områder ved t.d. infiltrasjon i grunnen framfor utslepp til bekken, og skal elles, etter naudsynt fordryging, leiest til kommunal leidning for overvatn. Overvatn vil kunne innehalde partiklar og forureining frå dei opne areala kring verksemda. Samtidig vil søl og uhellsutslepp kunne føre til forureiningseffektar. For å hindra at dette skjer inneheld løyvet formuleringar om kva som kan utførast av arbeider eller lagrast på areal som drenerer til overvatnet.

Verknader på luft.

Utslepp til luft kjem bl.a. frå ventilasjonssystema og vil bestå av avdamping frå vaske- og produksjonsprosessar. Det er forventat at dette periodevis vil kunne merkast i nabolaget, men ikkje gi luktulemp.

¹ BOF_7 : Målt oksygenforbruk i mg ved nedbryting av biologisk materiale pr liter prøve, målt over 7 døgn. $\text{BOF}_5 \cdot \text{BOF}_7/1.175$

Store delar av utsleppa til luft kjem frå forbrenning av gass og eventuelt fyringsolje i samband med fyrkjelar. Desse utsleppa blir regulert av forureiningsforskriftas² kapittel 27 avhengig av installert effekt. Forbrenning av fyringsolje kan gi partikkelforureining, medan forbrenning av både fyringsolje og gass kan gi auka konsentrasjonar av NO₂.

Tilhøvet til kommunalt kloakk og ekstern reinsing

Fylkesmannen har i den seinare tid vurdert om reinsekapasiteten til IVAR sitt reinseanlegg er stort nok til å takla auka tilførsler. I møter har IVAR uttrykt at reinsekapasiteten var god nok til å omfatta nye etableringar og undersøkingane deira syner at reinseanlegget i utgangspunktet reinsar betre enn primærreinsekravet. Men undersøkingane syner også at det er målt og berekna høge belastningar på årsbasis og store belastningstoppar i enkelte periodar. I tillegg har IVAR opplevd driftsproblem pga kvaliteten til avlaupsvatnet som skal reinsast. Hå kommune har følgd opp driftsproblema ved å undersøka korleis den enkelte verksemda brukar vaske- og desinfeksjonsmiddel, og korleis feittutskiljarane fungerer. Fylkesmannen kjem i tillegg til å ha fokus på storleiken og effekt av dei totale utsleppa og belastningstoppane, ved tilsyn og ferdigstilling av løyver til dei aktuelle verksemdene.

Ved etableringa av Fjordkjøkken AS og på søknadstidspunktet blei avlaupsvatn frå Varhaug sloppe ut i sjøen vest for Varhaug. Utsleppet har seinare blitt overført til det nye utsleppspunktet og reinseanlegget for kommunalt avlaup ved Grødalaland. Fjordkjøkken AS er dermed ei etablert verksemd som leiar avlaupsvatnet til Grødalaland, og bidreg relativt lite til den totale belastninga på reinseanlegget ved Grødalaland. Dette betyr likevel ikkje at Fjordkjøkken AS slepp å reinse avlaupsvatn eller å setje i verk tiltak for å redusere forureining. IVAR sitt reinseanlegg er basert på at det skjer reinsing i forkant og at avlaupsvatnet ikkje inneheld stoff som kan uroe den biologiske reinseprosessen. M.a. har reinseprosessen blitt uroa av vatn med høg temperatur og pH. Utsleppet frå Fjordkjøkken AS har jamt over låg pH, noko som kan bidra til ei stabilisering.

IVAR har nå søkt om heving av belastningsramma for reinseanlegget frå 70 000 p.e. opp til 150 000 p.e. Ei slik ramme inneber at det vil bli god kapasitet til det som skal reinsast pr. i dag.

Vilkår for løyvet.

Drifta av Fjordkjøkken AS blir omfatta av fleire lovverk. Ved sida av dette løyvet vil internkontrollforskrifta være sentral. Men mange av aktivitetane til Fjordkjøkken AS vil også bli omfatta av forureiningsforskrifta og avfallsforskrifta. I tillegg er det fleire generelle regler som gjeld verksemdar som Fjordkjøkken AS, m.a. reguleringsføresegner som også omfattar støy.

Utsleppsvilkåra er i utgangspunktet som søkt om. Dette representerer dei øvre grensene som gjeld og som ein skal halde seg innafor. Plikta til å redusere utsleppa så mykje som mogleg inneber at utsleppa skal reduserast samanlikna med desse grensene. Det er Fjordkjøkken AS som er ansvarleg for å tilfredstilla reinsekrava. Dette inneber at det må fokuserast på interne tiltak og prosedyrar for å halda grensene. T.d. inneber det at dersom det skal nyttast sil som reinsetiltak, må silen tilpassast reinsekravet og storleiken på partiklane i avlaupsvatnet.

² Forskrift om begrensning av forurensning

Det er presisert at det skal nyttas feittutskiljar og sil for å reinsa avlaupet. Det er ikkje satt krav til temperatur på avlaupsvatnet, men det er eit krav at temperaturen er så låg at feittutskiljaren fungerer optimalt. Kravet om eit maksimalt innhald av feitt på 100 mg/l, er i tråd med det Fjordkjøkken AS meiner er kurant å oppnå.

Kravet om sil er eit normalt krav for verksemder av denne type, men Fjordkjøkken AS har bedt om å få greie ut om dette vil gje nokon forureiningsmessig vinst. Dette er det opna for ved at Fjordkjøkken AS kan engasjere ein utanforståande konsulent som undersøker dette.

I det førre løyvet var det eit krav om at temperaturen på kjølevatnet skulle vere maks. 30 °C ved utslepp frå fabrikkjen, og ved utlaupet i Reiestadbekken skulle temperaturen vere maks. 10 °C høgare enn bekketemperaturen. Når mengda kjølevatn aukar nær 3 gonger med same temperatur, betyr dette at belastninga på bekkjen aukar og då spesielt i turrversperiodar. For å unngå slike effektar og for å oppretthalde omtrent same temperaturregulering som i førre løyve, skal ikkje temperaturen på grøftevatnet vere meir enn 5 °C over bekkvatnet sin temperatur og grøftevatnet skal uansett ikkje vere meir enn 30 °C ved bekkjen. Fylkesmannen har merka seg at det no er sett i verk arbeid for å nyttiggjere seg energien i kjølevatnet. Dette inneber at utsleppa av kjølevatn vil bli vesentleg reduserte og at spillvarme vert nytta fornuftig.

Hå kommune kan endra vilkåra for utslepp til avlaupsanlegget med heimel i forureiningsforskrifta, § 15A-4. *Påslipp til offentleg avløpsnett.*

Løyvet sitt punkt 10 set krav til representativ overvaking av dei faktiske utsleppa frå verksemda på årsbasis og i periodar med størst aktivitet. Dette må gjerast for å dokumentera at utsleppsgrensene ikkje blir overskridne, for å ha eit grunnlag for rapportering og for å dokumentere bidraga til det kommunale avlaupsanlegget og til reinseanlegget. I tillegg vil det vere viktig å ha kontinuerleg oversyn over fleire andre parameter som kjølevatn, mengde avlaupsvatn, temperatur i feittutskiljar og pH i avlaupsvatnet. Dette er parametrar som det er relativt enkelt å overvake utan at det fører med seg urimelege kostnader.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversyn over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvisning til vilkår
Etablere sil før påslepp til kommunalt nett	1/4 2012	3.2.2.5
Måling av mengd kjølevatn og logging av verdiar	1/10 2011	10.1.2 – a
Måling av temperaturskilnadar i kjølevatnet og bekk	1/10 2011	10.1.2 – b
Måling og logging av temperatur i feittutskiljar	1/10 2011	10.1.2 – c
Måling av pH i avlaupsvatnet	1/10 2011	10.1.2 – d
Måling av mengd avlaupsvatn	1/10 2011	10.1.2 – e

Gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknadar om løyver etter forureiningslova er del av ei gebyrordning. Verksemda skal betala et gebyr på kr. 19 600,- for Fylkesmannen i Rogaland si handsaming av søknaden, jf forureiningsforskriftas kapittel 39, § 39-4. Faktura med innbetalingsblankett blir ettersendt frå Klif. Gebyret forfall til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Klage

Vedtaket, og den fastsette gebyrsatsen, kan klagas på til Klif av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, innan 3 veker frå underretning om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal presisere kva det blir klagt over og den eller dei endringar som ynskes. Klagen bør grunngis, og andre opplysningar med tyding for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen i Rogaland eller Klif kan etter oppmodning eller av eige tiltak bestemme at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette får ein ved å venda seg til Fylkesmannen i Rogaland. Andre opplysningar om reglar for sakshandsaming og andre reglar som har noko å seie for saka, kan Fylkesmannen i Rogaland også kunne gje på førespurnad.

Kopi av dette brev med vedlegg er sendt partar i saken, jf. adresselista. Løyvet vil bli kunn gjort offentleg og lagt ut på www.fylkesmannen.no/rogaland under menyvalet miljøvern.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
Ass. fylkesmiljøvernsljef

Kristian Solberg
senioringeniør

Saksbehandlar: Kristian Solberg
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 28
E-post: kristian.solberg@fmro.no

Vedlegg: Utsleppsløyve med vilkår

Kopi m/ vedlegg til:

Helge Stølen Reiestad	Reiestad	4360	VARHAUG
Ingve Skretting	Reiestad	4360	VARHAUG
Torstein Reiestad	Odlandsveien	4360	VARHAUG
Jæren Jakt- og Fiskelag v/Knutsen	Hetlandsgate 10a	4340	BRYNE
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Leiv Kristian Skrettingland	Nordra Tjemsland 11	4360	VARHAUG
IVAR IKS	Postboks 8134	4069	Stavanger



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Løyve til verksemd etter forureiningslova for

Fjordkjøkken AS

gitt i medhald av "Lov om vern mot forurensningar og om avfall" av 13. mars 1981 nr 6, § 11, jf § 16 og § 29 og § 18. 3. ledd. Løyvet bygger på opplysningar gitt i søknad mottatt 21/3-05, søknad om auka utseppsløyve datert 30/3-07 og opplysningar som er mottekne ved hand-saming av søknaden. Vilkåra er gitt på side 2 til og med side 12.

Løyvet gjeld produksjon av porsjonspakka middagsrettar etter "sous vide" prinsippet ved verksemda til Fjordkjøkken AS på gnr. 54, bnr. 33 og 45. Varhaug i Hå kommune. Løyvet erstattar det som blei gitt til Fjordkjøkken AS 4/12 1997, og gjeld frå 4/7 2011.

Verksemda må på førehand avklara skriftleg med Fylkesmannen i Rogaland endringar den ynskjer å foreta i høve til opplysningar gitt i søknaden eller under sakshandsaminga, og som kan ha miljømessig tyding. Hå kommune kan endra utseppsvilkåra med heimel i Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta), § 15A-4, *Påslipp til offentlig av-løpsnett*.

Bedriftsdata

Verksemd	Fjordkjøkken AS
Lokalitet/gateadresse	Djuphodl 2, Varhaug
Postadresse	Postboks 4, 4360 Varhaug
Kommune og fylke	Hå kommune, Rogaland fylke
Org. nummer (bedrift)	976 502 744
Gårds- og bruksnummer	Gnr. 54, bnr. 33 og 45
NACE-kode og bransje	10.850- Produksjon av ferdigmat
NOSE-kode(r)	105.03 Framstilling av næringsmiddel og drikkevarer

Fylkesmannen i Rogalands referanser

Løyve nummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2011.150.T	1119.0020.01	3

Løyve gitt: 6/7 2011	Endringsnummer:	Sist endra:
Marit Sundsvik Bendixen Ass. fylkesmiljøvernssjef		Kristian Solberg senioringeniør

¹ Jf Forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for Statens forurensningstilsyns arbeid med tillatelse og kontroll etter forurensningsloven

1. Produksjonstilhøve/utsleppstilhøve

1.1 Generelt

Løyvet er gitt til Fjordkjøkken AS. Løyvet inneheld ei rekke krav og plikter. Det er Fjordkjøkken AS, ved den juridisk ansvarlege leiar og eigarrepresentant, som er økonomisk og juridisk ansvarleg for at krav og intensjonar i løyvet blir etterlevd.

1.2. Produksjonstilhøve

Løyvet gjeld forureining frå produksjon av porsjonspakka middagsrettar etter "sous vide" prinsippet. Dette inneber sjølve produksjonen av middagsrettar samt vakuumpakking og nedkjøling. Produksjonen er i stor grad basert på ferdig stykka råstoff og omfattar koking, blansjering og autoklavering. Det er søkt om løyve til produksjon av 8000 tonn ferdige rettår årleg som er ein auke på 6500 tonn i høve til førre løyve. Det vil være produksjon 20 timar i døgnet og 250 dagar i året med ein arbeidstokk på om lag 70 personar. Førre løyve var basert på 10 – 15 tilsette i 12 timar pr. døgn.

1.3. Utsleppstilhøve

Vilkåra i løyvet er basert på at prosessavlaupet aukar frå 2 til 6 m³/time. Prosessavløpet, saman med sanitært avlaupsvatn, er kopla til offentleg avlaupsanlegg. Avlaupsvatnet blir reinsa ved reinseanlegget som IVAR IKS driv på Grødaland. Det vil også bli ein auke i utslepp av kjølevatn frå 5 til 14 m³/time. Kjølevatn skal sleppast ut i Reiestadbekken eller nyttast på anna vis.

2. Generelle vilkår

2.1. Avgrensingar i løyvet

Dei utsleppskomponentane som ein meiner har dei største miljømessige konsekvensane, er uttrykkeleg regulert av vilkår i løyvet. Andre komponentar er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp blei lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller må ha vært kjende på anna vis då vedtaket blei gjort.

Dei gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er bare omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkelig fram av vilkåra i pkt. 3 flg. eller dei er så små at dei må vurderast å ikkje ha miljømessig verknad.

2.2. Plikt til å overhalde grenseverdier

Der det er satt grenseverdier for utslepp med bestemte midlingstider, skal ikkje variasjonar i utsleppa, innanfor dei fastsette midlingstidene, avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at utsleppa kan føra til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3. Plikt til å redusere utslepp så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønska. Sjølv om forureiningar blir haldne innafør fastsette grenser, pliktar verksemda å redusera dei så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også forureiningar som det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom vilkår.

Dei inneber m.a. å syte for:

- optimal drift av prosessutstyr og reinseinstallasjonar
- et tilstrekkeleg førebyggjande vedlikehald av utstyr der manglande vedlikehald kan få konsekvensar for utsleppet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengde, skal eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høve til det som er lagt til grunn i søknaden, som minimum føra til ein tilsvarende reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til preventivt vedlikehald

For å halda dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for preventivt vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert (Jfr Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7²).

2.5. Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom unormale driftstilhøve eller liknande kan føra til fare for auka skade eller ulempe for miljøet, pliktar verksemda å setja i verk tiltak som er naudsynte for å hindra at slike situasjonar oppstår. Om naudsynt må drifta reduserast eller innstillast.

Verksemda pliktar, så snart som mogeleg, å varsle Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessig verknad, jfr. elles pkt 9.4 om akutt forureining.

2.6. System for internkontroll

Verksemda pliktar å ha eit system for internkontroll som omfattar alle aktivitetar, jfr. gjeldande forskrift om dette. Systemet skal m.a. sikre og dokumentere at verksemda overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

I internkontrollsystemet sitt pliktar verksemda å ha oversyn over alle aktivitetar som kan føra til forureining, og kunne gjere greie for risikotilhøva. Systemet skal identifisere dei personar og funksjonar som er ansvarlege for drift av reinseanlegg, avlaupssystem, akutt forureining, beredskapstilhøve og loggføring/rapportering. Det er verksemda sitt ansvar at personane har den naudsynte kompetanse.

3. Utslepp til vatn

3.1. Utsleppsgrenser

3.1.1 Følgjande utsleppsgrenser gjeld:

Utslepp	Gjennomsnittleg mengde m ³ /time		Maks døgnut-slepp, kg/døgn		Tot. stoffut-slepp, tonn/år		Utslepps-grenser mg/l	
	Gamal grense	Ny grense	Gamal grense	Ny grense	Gamal grense	Ny grense	Gj.-snitt	Maks
Avlaupsvatn	2	6	25000	110000				
BOF ₇ ^{a)}			20	90	5	20	750 ^{b)}	900 ^{b)}
Susp. stoff				30		6,5	320 ^{b)}	350 ^{b)}
Feitt							100 ^{c)}	
Kjølevatn	5	14	120000	280000				

^{a)}BOF₇: Målt oksygenforbruk i mg ved nedbryting av biologisk materiale pr liter prøve, målt over 7 døgn. BOF₅ • BOF₇/1.175.

^{b)}Gjennomsnittsverdiar midla over ei veke og maksimalverdiar midla over eit produksjonsdøgn (20 timar). ^{c)}Verdi midla over eit produksjonsdøgn (20 timar).

² Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskriften)

3.1.2 Anna avlaup

Det er ikkje lov å sleppe ut råstoff, øydelagt råstoff, produkt eller biprodukt som t.d. saltlake, til avlaupsanlegget.

3.1.3 Skjerping av utsléppsgrenser

Kommunen kan skjerpe krava til utslepp i samsvar med gjeldane regelverk³.

3.2. Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

3.2.1 Eksternt reinseanlegg

Utsleppa frå verksemda er kopla til kommunalt nett og blir overført til reinseanlegget for kommunalt avlaupsvatn ved Grødaland.

3.2.2 Intern reinsing

3.2.2.1 Feittutskiljar. Før påslepp til kommunalt nett, skal alt prosessavlaup passere ein tilstrekkeleg dimensjonert feittutskiljar eller reinseanlegg med tilsvarende reinseeffekt for feitt. Kapasiteten til feittutskiljaren må være slik slik at krava i tabell i pkt. 3.1.1 blir tilfredstilte.

Feittutskiljaren skal tømast tilstrekkeleg ofte og må vere utstyrt med nivåvarsling. Driftsrutinane for feittutskiljaren skal vere en del av verksemda sin internkontroll.

3.2.2.2 Temperatur. Temperaturen til avlaupsvatnet skal vere så låg at interne reinseprosessar og måleutstyr fungerer optimalt og slik at nedstrøms reinseanlegg ikkje får driftsproblem. Temperaturmåling i feittutskiljar skal skje slik at målingane blir representative.

3.2.2.3 pH. Verdien for pH skal ligge mellom 6,0 og 9,0. Om naudsynt må det skje pH-regulering før avlaupsvatnet går ut på kommunalt nett. Dette vil innebere kontinuerleg logging av pH og styring av naudsynt reguleringsutstyr. Effekten av regulering må dokumenterast, jf. pkt. 13.2. Viss den samla effekten av høg pH i utsleppa frå verksemder har negativ effekt på eksterne reinseanlegg, vil pH-grensene i løyvet måtte justerast.

3.2.2.4 Desinfeksjonsmiddel/vaskemiddel. Ved utslepp av desinfeksjonsmiddel og vaskemiddel til avlaupsnett skal $PEC/PNEC^4 < 1$ og forholdet skal vurderast opp mot reinseprosessen nedstrøms. Før bruk må det finnast dokumentasjon som syner naudsynte krav til uttynning. Om naudsynt må det skje avgifting før utslepp.

All bruk av desinfeksjonsmiddel og vaskemiddel må avklarast med eigar av nedstrøms reinseanlegg og skal skje slik at drifta av reinseanlegget ikkje blir forstyrta. Om effekten av nedstrøms reinsing blir redusert eller forstyrta p.g.a. for stort innhald av desinfeksjonsmiddel og vaskemiddel i dei samla avlaupsmengdene frå bedrifter, kan det i periodar bli naudsynt å styre slike påslepp frå verksemder, også Fjordkjøkken AS sitt påslepp, slik at reinseeffekten i størst mogleg grad blir oppretthalden. Kommunen kan, uavhengig av dette løyvet, sette tilsvarende krav, jfr. pkt. 3.1.4.

Fjordkjøkken AS er ansvarleg for all bruk av desinfeksjonsmiddel og vaskemiddel ved verksemda, også dersom drifts- og vedlikehaldsarbeid blir utført av innleidde firma. Dette betyr at

³ Jf. forurensningsforskriften 15A. Påslipp

⁴ PEC: Predicted Environmental Concentration, PNEC: Predicted No Effect Concentration.

Fjordkjøkken AS sin internkontroll på dette området skal omfatta aktiviteten til slike firma, og at innleidde firma skal basera si verksemd på Fjordkjøkken AS sitt internkontrollsystem.

3.2.2.5 Sil. Før påslepp til kommunalt nett, skal alt prosessavlaup passere ein tilstrekkeleg dimensjonert sil eller reinseanlegg med tilsvarende reinseeffekt for partiklar. Silen sin ljøsopning må vere slik at krava i tabell i pkt. 3.1.1 blir tilfredstilte. Største lovlege ljøsopning på silen er likevel 0,8 mm. Silen skal vere på plass innan 1/4 2012. Kravet om bruk av sil kan fråvikast dersom Fjordkjøkken AS dokumenterer at interne tiltak som t.d. finrister eller andre reinsetiltak sikrar at krava i pkt. 3.1.1 blir tilfredstilte og at partiklane er mindre enn 0,8 mm. Dokumentasjonen skal utførast av eit eksternt firma med fagleg kompetanse på området. Plan for dokumentasjonsarbeidet skal godkjennast av Fylkesmannen.

3.2.2.6 Utjammingsbasseng. Om naudsynt må det etablerast utjammingsbasseng e.l. for avlaupsvatn slik at det kan sleppast ut på tider av døgnet det er ledig kapasitet på kommunen sitt avlaupsanlegg. Eit eventuelt bassenget må utformast slik at både avlaupsmengder og ut-sleppskonsentrasjonar blir utjamna i størst mogleg grad, jf pkt. 3.2.2.4.

3.2.2.7 Dokumentasjon. Det skal til ei kvar tid eksistera eit oppdatert leidningskartverk som viser leidningar som er i bruk. Kartverket skal vere ein del av internkontrollsystemet, jf. pkt. 2.4 og 2.6. Det skal eksistera driftsinstruks og utpeikas ein driftsansvarleg for reinseanlegga og interne tiltak. Drift av reinseinnetningar og overvaking av parametarar, skal vere en integrert del av drifta og inngå i internkontrollsystemet. Drifta skal dokumenterast/loggast slik at driftsansvarlege til ei kvar tid er oppdatert og slik at dokumentasjon kan hentes fram i etertid.

3.2.3 Oljehaldig avlaupsvatn

Eventuelt oljehaldig avlaupsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeavskiljar eller tilsvarende reinseeinig. jfr. forureiningsforskriftas kapittel 15 om krav til utslepp av oljehaldig avlaupsvatn. Slike utslepp må søkast om til kommunen.

3.3 Kjølevatn

Kjølevatn blir leia til Reiestabekken via ei grøft. Ved utlaup i bekken skal kjølevatnet maksimalt vere 5 °C over bekketemperaturen til einkvar tid. I tillegg skal ikkje temperaturen overstiga 30 °C. Kjølevatn kan nyttas på anna vis til oppvarmings- og energiføremål, men nedkjølt varmeveksla vatn kan ikkje utan vidare sleppast ut i Reiestadbekken eller andre stader.

Ved naudsynt vedlikehald og reingjering av kjølevatnsystemet, skal vaskevatt og liknande. leiaast til avlaupssystemet.

3.4. Sanitæravlaupsvatn

Sanitæravlaupsvatn skal haldast skilt frå prosessavlaupsvatn slik at prosessavlaupet blir reinsa separat før påslepp til kommunalt nett. Verksemda pliktar å følgje dei krav anleggseigar stiller for utslepp av sanitæravlaupsvatn. Dette løyvet grip derfor ikkje inn i retten den ansvarlege for offentleg avlaupsnett har til å stille krav ved eventuell tilknytning til nettet.

3.5. Overflatevatn

Overflatevatn skal ikkje leiaast til kommunalt nett og reinseanlegg med mindre påkoplingsavtalen med eigaren av det offentlege avlaupsnettet krev eller gir løyve til noko anna.

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje fører med seg skade eller ulempe for miljøet. Det skal ikkje skje spyling av utstyr eller kjøretøy på areal som drenerer til vassdrag eventuelt via overvassleidning. Det skal heller ikkje skje lagring av utstyr, tankar og liknande som ikkje er reingjort, på areal som drenerer til overvassnettet. Dersom det blir utført operasjonar som t.d. omlasting eller liknande der det kan oppstå fare for lekkasjar, er det naudsynt at overvassleidningane kan stengast og lekkasjar samlast opp.

Verksemda pliktar å føre tilsyn med overvasskummar, eige leidningsnett og uteareala, og å ta i bruk tilsynsrutinar i internkontrollsystem for å hindra og for å retta opp feil.

4. Utslepp til luft

4.1. Utsleppsvilkår

4.1.1 Utslepp av brenngassar til friluft.

I tillegg til straum kan verksemda nytta gass og fyringsolje som energikjelde. Utsleppa frå forbrenningsanlegg/fyringseiningar for reint brensel som t.d. gass og fyringsolje, blir regulert av forureiningsforskriftas kapittel 27. Krav til utslepp og måling går fram av §27-4 og §27-6. Når særskilde tilhøve krev det, kan forureiningsstyresmaktene krevje at også anlegg som forureiningsforskriftas kapittel 27 gjeld for, skal ha særskilt løyve etter forureiningslova § 11.

Ved eventuell bruk av fyringsolje gjeld reglane om svovelinnhald i kapittel 8 i forureiningsforskrifta.

4.1.2 Lukt

Drifta skal ikkje føre til at verksemda sitt samla bidrag til luktbelastning i området bryt ein fastsett luktgrenseverdi. Grenseverdien er 15 LE/m^3 ved eigedomsgrensa i industriområde/opne landbruksområde og under 10 LE/m^3 i boligområde, jfr. den danske Miljøstyrelsen sin vegleiing nr. 4/1985, kap. 5.1 (LE = luktekvivalenter).

4.2. Krav til utsleppspunkt

Avgassar frå eksisterande anlegg/prosesseiningar kan inntil vidare sleppast ut gjennom eksisterande piper med dei utsleppspunkt/-høgder som er oppgjeve i søknaden, dvs. 10 meter over bakken og 4 meter over tak. Klager på lukt eller ulemper på grunn av brenngassar, kan føra til at krav om luktmåling og ny vurdering av naudsynt pipehøgde.

Sjølv om utslepp frå forbrenningsanlegg/fyringseiningar blir regulert av forureiningsforskriftas kapittel 27, kan utsleppskonsentrasjonane bli vurdert av kommunen i høve til forureiningsforskriftas kapittel 7 og relevante normer og retningslinjer for luftkvalitet.

5. Forureina grunn og sedimentar

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føra til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda skal halda laupande oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område. Det same gjeld eventuelle forureina sediment utanfor verksemda sitt om-

råde, t.d. ved utseleppsstader. Verksemda skal vurdere faren for spreing, om tilhøva må undersøkast og om det må setjast i verk tiltak. Dersom det vurderast som naudsynt med undersøkingar eller tiltak, skal forureiningsstyresmaktene varslas.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverka forureina grunn eller forureina sedimenter, treng løyve etter forureiningslova eventuelt godkjenning frå kommunen⁵/Fylkesmannen i Rogaland.

6. Testing og substitusjon av kjemikaliar

Med kjemikaliar meinast her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir nytta i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikaliar, t.d. groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannkjempingsmiddel.

6.1 Testing

Kjemikaliar som blir nytta på ein slik måte at det kan føra til fare for forureining, skal vere testa med omsyn på nedbryting, toksisitet og bioakkumulering. Berre laboratoria som er godkjent iht. Good Laboratory Practice (GLP) og/eller akkreditert iht. NS-EN/IEC 17025:1999, kan nyttast til uttesting.

6.2. Substitusjon

Verksemda skal, jf. produktkontrolllova, etablere eit system for substitusjon av kjemikalie. Dette inneber at det skal skje ei kontinuerleg vurdering av fare for skadelege effektar på helse og miljø årsaka av dei innsatsstoff (kjemikaliar og råstoff) som blir brukte, og om det finnest alternative innsatsstoff. Dette skal også vurderast ved endeleg disponering av verksemda sine produkt, dvs. når produkt blir kasserte. Der det er betre alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁶

6.3 REACH

REACH-forskrifta sett krav til at stoff aleine, i stoffblandingar og eller i produkt, ikkje blir framstilt eller omsett med mindre dei er registrert og vurdert i høve til dei relevante reglane i forskrifta⁷.

7. Støy

Bidrag frå verksemda til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar i nærleiken, skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Sun- og heilagdagdar	Kveld (kl. 19-23), kvardagar	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
55 L _{den}	50 L _{den}	45 L _{den}	50 L _{evening}	45 L _{night}	60 L _{AFmax}

L_{den} er A-veid ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L_{evening} er A-veid ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23-07.

L_{night} er A-veid ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

⁵ Jf Forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider.

⁶ Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁷ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

LAF_{max} er A-veid maksimalnivå for de 5-10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/berekna med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal overhaldas innafor alle driftsdøgn. Støygrensene gjelder all støy frå verksemda si ordinære drift, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Grensene gjeld ikkje støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette.

Dersom kjøretøy med kjøleaggregat og vifteanlegg skal være plassert på Fjordkjøkken AS sin eigedom, må desse områda om naudsynt støyskjermast. Det skal i størst mogleg grad leggast til rette for elektrisk drift av kjøleaggregat og vifteanlegg framfor drift vha. bensin- eller dieselmotorar.

8. Avfall

8.1 Generelle krav

Verksemda skal i størst mogleg grad, utan urimelege kostnader eller ulemper, førebyggje og hindre at det blir danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal ein freista å redusera innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg. Handtering av farleg avfall skal skje i samsvar med reglane for farleg avfall.

Verksemda pliktar å handtere alt avfall, også farleg avfall, i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta⁸.

Avfall som oppstår i verksemda, skal ein freista å bruka oppatt i verksemda sin produksjonen eller i andre sin produksjon, eller - for brennbart avfall – freista å utnytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

9. Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

9.1. Miljørisikoanalyse

Verksemda skal ha ein oppdatert miljørisikoanalyse. Analysen skal vurderast i høve til akseptabel miljørisiko og skal omfatta potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskade på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversyn over dei miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensar slik forureining kan føre med seg.

9.2. Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikovurderinga skal verksemda setje i verk eventuelle risikoreduserande tiltak som synast naudsynte. Både tiltak som reduserer faren, og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

9.3. Etablering av beredskap

Verksemda pliktar, på bakgrunn av miljørisikovurderinga og dei farereduserande tiltaka som er sette i verk, å ha og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Dersom miljørisiko

⁸ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

eller andre tilhøve som har noko å seie for beredskapen blir endra, skal beredskapen tilpassast den nye situasjonen. Slike endringar skal meldast Fylkesmannen. Beredskapen mot akutt forureining skal øvast minimum ein gong pr. år.

9.4. Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining, skal varslast til brannvesen i samsvar med gjeldande forskrift.⁸ Verksemda skal også snarast informera om varslinga til kommunen, interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA) og Kystverket i Horten.⁹ Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Fylkesmannen i Rogaland ved slike høve.

10. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen i Rogaland

10.1. Utsleppskontroll og måling

Verksemda skal gjennomføra målingar av utslepp til luft og vatn. Målingar omfattar prøvetaking, analyse og/eller berekning. Måling av utslepp til luft blir regulert av forureiningsforskriftas kap 27 – 6 alt etter installert effekt.

Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra og for at programmet er ein del av internkontrollsystemet. Ved inspeksjon/kontroll skal verksemda kunne syne korleis måleprogrammet dokumenterer miljøpåverknad og eventuelt korleis drifta blir endra for å tilpassast miljøkrava.

10.1.1 Kontrollmålingar. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa frå verksemda på årsbasis og for periodar med størst aktivitet. Dei skal sikre og dokumentere at gjeldande krav i løyvet og relevante forskrifter blir etterlevd, jf. pkt. 3.1.1. Det skal derfor tas 8 vekeblandprøvar for analyser av BOF₇, suspendert stoff og feitt. Halvparten av vekene skal velgast blant vekene med høgast aktivitet medan andre veker kan gjennomførast i veker med normal aktivitet. Verksemda må vurdere om det skal gjennomførast tilleggsmålingar for å kunne berekne årleg utslepp.

I overvaksingsperioden med størst produksjonsaktivitet og størst utslepp av vatn, skal det for to veker veljast to døgn pr. veke der maksimale utsleppsmengder og konsentrasjonar av BOF₇ og suspendert stoff blir undersøkt opp mot maksimalverdiane i pkt. 3.1.1 (døgnblandprøvar).

Prøvetakinga skal samordnast med kommunal eller interkommunal prøvetaking slik at resultat i størst grad kan samanliknast. Måleprogrammet skal greie ut om både prøvetaking, analyse og/eller berekning, inklusiv:

- prøvetakings- og analysemetode
- val av måleperiodar
- eventuelle berekningsmodellar og utsleppsfaktorar som skal nyttast.

I dei aktuelle periodane skal det også gjennomførast kontrollmålingar av temperaturen av kjølevatnet ved utslepp i bekken og måling av bekkevatnet før utslepp.

10.1.2. Kontinuerlege målingar. For å ha kontinuerleg oversyn over viktige faktorar m.o.t. utslepp frå verksemda, skal det gjennomførast kontinuerlege målingar. Det kan avtalast med Fylkesmannen å nytte berekningar dersom dei kan gje tilsvarende informasjon med tilsvarende presisjon. Følgjande målingar skal utførast:

⁸ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning (9. juli 1992).

⁹ Telefon 33 03 48 00, 24-timers vakt

- a. Kontinuerleg måling av mengd kjølevatn som blir sloppe ut frå verksemda og logging av timesverdiar, døgnverdiar og totalt utslepp.
- b. Kontinuerleg måling av temperaturen i kjølevatnet frå verksemda og temperaturskilnaden mellom kjølevatnet og bekkevatnet før samlaup i bekken, og logging av timesverdiar, døgnverdiar og totalt utslepp. Dersom kjølevatn blir disponert på anna vis, fell dette punktet vekk.
- c. Kontinuerleg måling av temperatur i feittutskiljar og logging av timesverdiar
- d. pH i avlaupsvatnet
- e. Mengd avlaupsvatn, augneblinksverdiar og samla

Dersom det syner seg naudsynt ut frå omsynet til ekstern reinsing og dersom resultatata frå kontrollmålingane ikkje er gode nok, kan det bli aktuelt at Fjordkjøkken AS må etablera eit system for kontinuerleg prøvetaking slik at det dagleg kan analyseras for organisk stoff, for eksempel TOC (totalt organisk karbon), KOF eller BOF.

10.2. Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal rapportera innan 1. mars året etter utsleppsåret via www.altinn.no. Rapportering skal skje som vist i Klima- og forurensningsdirektoratet sin vegleiar til verksemdene sin eigenrapportering, sjå www.klif.no. Første rapportering skal skje i 2012.

I samband med rapportering av utsleppsdata til Klima- og forurensningsdirektoratet, skal verksemda angi og kommentera:

- Uvisse/presisjon i datamaterialet
- resultat frå ringtestar
- resultat frå tredjeparts verifikasjon av egne målingar.

11. Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

Dersom forureiningsstyresmaktene ynskjer å vurdere effekten av utsleppet på vass- og sedimentkvalitet ved utsleppsstaden for det kommunale reinseanlegget og i hovudresipienten, pliktar verksemda å støtta økonomisk i høve til storleiken på prosessutsleppet, jfr. forureiningslova sin § 51.

På same vis pliktar verksemda å syte for eller koste naudsynte undersøkingar av kvaliteten på overvatnet og effekten på resipientar. Dersom fleire verksemder leier overvatnet sitt til same resipient, skal verksemda delta/betala i høve til mengd overvatn. Dette gjeld også verknaden av utslepp av kjølevatn.

Utanom dette pliktar verksemda å overvake resipienten for kjølevatn slik at det kan påvisast eventuell påverknad. Ei slik overvaking kan vere ein del av verksemda sitt generelle målprogram.

12. Utskifting av utstyr

Dersom verksemda skal skifte noko av utstyret som gjer det teknisk mogleg å motverke forureininga på ein vesentleg betre måte enn då løyvet blei gitt, skal den ansvarlege på førehand gi Fylkesmannen melding om dette, jf. forureiningslova § 20.

All utskifting av utstyr skal baserast på at utsleppsvilkåra skal overhaldast, og at utslepp om mogeleg blir reduserte ved å nytte det nye utstyret eller ny teknologi.

13. Eigarskifte/organisasjonsendringar

Ved vesentlege endringar i organisasjonen som kan få noko å seia for løyvet, skal fylkesmannen ha melding frå styret i verksemda om dei gjeldande eigartilhøva og event. endra personlege ansvarstilhøve som vedkjem dette løyvet, jfr. pkt. 1.1. og pkt. 2.6.

Om verksemda blir overført til ny eigar, skal melding sendast Fylkesmannen seinast 1 månad etter eigarskiftet. Namneendring må også meldast.

14. Nedlegging

Om verksemda blir nedlagt, går konkurs, eller stoggar drifta for ein lengre periode, skal eigaren eller brukar gjere det som er naudsynt for å motverke forureining. Om anlegget eller verksemda kan føra til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand meldast til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Dersom verksemda flyttar, vil løyvet ikkje kunne overførast automatisk til den nye staden. Blir eigedomen selt i samband med flytting, kan ikkje løyvet overførast direkte til kjøpar.

Fylkesmannen i Rogaland kan fastsette nærare kva tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Fylkesmannen i Rogaland kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikata eller ferdigvare, produksjonsutstyr og avfall tas hand om på forsvarleg vis. Farleg avfall skal handterast i samsvar med forskrift om farleg avfall. Det same gjeld dersom eigedomen blir selt.

Dei tiltak som blir gjort i slik samanheng, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal innehalda dokumentasjon av disponering av kjemikalierestar og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Plan for å motverka forureining eller fare i situasjonar som nemnt ovanfor og for å rapportera tiltak, skal inngå i internkontroll til verksemda. Verksemda skal realisera planen ved fare for nedlegging, driftsstans eller konkurs.

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege syte for at driftsstaden blir satt i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom ein ynskjer å starta verksemda på nytt, skal dette meldast til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

15. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta, eller dei som denne gjer mynde til det, inspisera anlegga til ei kvar tid.

VEDLEGG 1:**Liste over prioriterte stoff, jfr. punkt 2.1.**

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet om dette går uttrykkelig fram av vilkåra i pkt. 3 flg. eller dei er så små at dei blir vurdert å være utan miljømessig tyding.

Metall og metallforbindelsar:

	Forkorting
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelsar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorholdige organiske forbindelser	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromuskforbindelser:	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6-tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske forbindelser (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Deres ref.:

Vår dato: 02.03.2012
Vår ref.: 2011/7245
Arkivnr.: 461.3

Fjordkjøkken AS
pb. 4
4368 VARHAUG

Att. Jarle Vidvei

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Endret tillatelse etter forurensingsloven for Fjordkjøkken

Det vises til tillatelse gitt i medhold av forurensingsloven 6. juli 2011. Det vises også til klage sendt pr. e-post 19. juli 2011 samt senere tilleggsopplysninger.

Klagen

I tillatelsen er Fjordkjøkken AS pålagt å måle og logge mengde kjølevann og måle temperatur i bekk og kjølevann før utslipp i vassdrag. Det er satt grenser for hvor mye som kan slippes ut i vassdraget. Men nå har bedriften inngått et samarbeid med Varhaug Idrettslag om utnytting av over-skuddsvarme ved at kjølevann benyttes til å varme opp idrettslagets nye kunstgrasbane. Bedriften ønsker ikke å investere i måleutstyr noen måneder før dette samarbeidet skal igangsettes. Fjordkjøkken AS ønsker derfor at tidsfristen for de to punktene som berører bedriftens utslipp av kjølevann forlenges fra 01. oktober 2011 til 01. april 2012 og klaget derfor på denne bestemmelsen.

Endrede tidsfrister

Fylkesmannen ser at samarbeidet vil resultere i fornuftig energibruk og at det skal medføre en stans i utslipp av kjølevann i Reiestadbekken. Fylkesmannen tar klagen til følge og endrer utslippsvilkårene som ønsket. Endringen medfører ingen endring i tillatelsen, men tabellen over tidsfrister i vedtaket endres. Endringene er uthevet og understreket slik:

Tiltak	Frist	Henvisning til vilkår
Etablere sil før påslipp til kommunalt nett	1/4 2012	3.2.2.5
Måling av mengde kjølevann og logging av verdier	1/4 2012	10.1.2 – a
Måling av temperaturforskjeller i kjølevann og bekk	1/4 2012	10.1.2 – b
Måling og logging av temperatur i fettutskiller	1/10 2011	10.1.2 – c
Måling av pH i avløpsvannet	1/10 2011	10.1.2 – d
Måling av mengde avlaupsvann	1/10 2011	10.1.2 – e

Tillatelsen er uendret og innebærer at Fjordkjøkken AS fremdeles har tillatelse til å slippe ut kjølevann i Reiestadbekken. Dette innebærer også at det er Fjordkjøkken AS som fortsatt er ansvarlig for kjølevannet. Men dersom vannet brukes og kjøles ned på annen måte, faller kravet i tillatelsens punkt 10.1.2 – b bort. Likevel ser ikke Fylkesmannen bort fra at det kan være nødvendig med utslipp av kjølevann i enkelte perioder. Kravene i tillatelsens punkt 3.3 og 10.1.2 – b vil da aktualiseres. Samtidig vil det nye fjernvarmenettet representere en ekstra kjølesløyfe som kan benyttes for å avkjøle vannet, før utslipp til Reiestadbekken.

Når denne type kjølevannsystemer benyttes, vil store volum kjølevann være i sirkulasjon. Dersom det oppstår behov for å rengjøre systemet med f. eks. kjemikalieinnblanding, kan vaskevannet ikke slippes ut i bekken. Det kan heller ikke slippes ut på avløpssystemet uten at det er avklart med eier av avløpsanlegget og renseanlegget (p.t. IVAR IKS). Fjordkjøkken AS må sørge for at Varhaug idrettslag er kjent med dette og at begge virksomheter har dette som en del av sin internkontroll.

Klagerett

Vedtaket kan påklages til Klif av sakens parter eller andre med rettslig klageinteresse innen 3 uker fra underretning om vedtak er kommet fram eller fra vedkommende fikk eller burde skaffet seg kjennskap til vedtaket. En eventuell klage skal angi hva det klages over og den eller de endringer som ønskes. Klagen bør begrunnes, og andre opplysninger av betydning for saken bør nevnes. Klagen skal sendes til Fylkesmannen i Rogaland.

Med hilsen

Marit Sundsvik Bendixen
Ass. Fylkesmiljøvern sjef

Kristian Solberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent av Fylkesmannen i Rogaland og krever derfor ikke signatur.

Saksbehandler: Kristian Solberg
Saksbehandler telefon: 51 56 89 28
E-post: kristian.solberg@fmro.no

Kopi til:

Ingve Skretting	Reiestad	4360	VARHAUG
IVAR IKS	Postboks 8134	4069	Stavanger
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Helge Stølen Reiestad	Reiestad	4360	VARHAUG
Jæren Jakt- og Fiskelag v/Knutzen	Hetlandsgate 10a	4340	BRYNE
Leiv Kristian Skrettingland	Nordra Tjemsland 11	4360	VARHAUG
Torstein Reiestad	Odlandsveien	4360	VARHAUG
Varhaug Idrettslag	Boks 23	4368	VARHAUG



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Deres ref.:

Vår dato: 02.03.2012
Vår ref.: 2011/7245
Arkivnr.: 461.3

Fjordkjøkken AS
pb. 4
4368 VARHAUG

Att. Jarle Vidvei

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Endret tillatelse etter forurensingsloven for Fjordkjøkken

Det vises til tillatelse gitt i medhold av forurensingsloven 6. juli 2011. Det vises også til klage sendt pr. e-post 19. juli 2011 samt senere tilleggsopplysninger.

Klagen

I tillatelsen er Fjordkjøkken AS pålagt å måle og logge mengde kjølevann og måle temperatur i bekk og kjølevann før utslipp i vassdrag. Det er satt grenser for hvor mye som kan slippes ut i vassdraget. Men nå har bedriften inngått et samarbeid med Varhaug Idrettslag om utnyttning av over-skuddsvarme ved at kjølevann benyttes til å varme opp idrettslagets nye kunstgrasbane. Bedriften ønsker ikke å investere i måleutstyr noen måneder før dette samarbeidet skal igangsettes. Fjordkjøkken AS ønsker derfor at tidsfristen for de to punktene som berører bedriftens utslipp av kjølevann forlenges fra 01. oktober 2011 til 01. april 2012 og klaget derfor på denne bestemmelsen.

Endrede tidsfrister

Fylkesmannen ser at samarbeidet vil resultere i fornuftig energibruk og at det skal medføre en stans i utslipp av kjølevann i Reiestadbekken. Fylkesmannen tar klagen til følge og endrer utslippsvilkårene som ønsket. Endringen medfører ingen endring i tillatelsen, men tabellen over tidsfrister i vedtaket endres. Endringene er uthevet og understreket slik:

Tiltak	Frist	Henvisning til vilkår
Etablere sil før påslipp til kommunalt nett	1/4 2012	3.2.2.5
Måling av mengde kjølevann og logging av verdier	1/4 2012	10.1.2 – a
Måling av temperaturforskjeller i kjølevann og bekk	1/4 2012	10.1.2 – b
Måling og logging av temperatur i fettutskiller	1/10 2011	10.1.2 – c
Måling av pH i avløpsvannet	1/10 2011	10.1.2 – d
Måling av mengde avlaupsvann	1/10 2011	10.1.2 – e

Tillatelsen er uendret og innebærer at Fjordkjøkken AS fremdeles har tillatelse til å slippe ut kjølevann i Reiestadbekken. Dette innebærer også at det er Fjordkjøkken AS som fortsatt er ansvarlig for kjølevannet. Men dersom vannet brukes og kjøles ned på annen måte, faller kravet i tillatelsens punkt 10.1.2 – b bort. Likevel ser ikke Fylkesmannen bort fra at det kan være nødvendig med utslipp av kjølevann i enkelte perioder. Kravene i tillatelsens punkt 3.3 og 10.1.2 – b vil da aktualiseres. Samtidig vil det nye fjernvarmenettet representere en ekstra kjølesløyfe som kan benyttes for å avkjøle vannet, før utslipp til Reiestadbekken.

Når denne type kjølevannsystemer benyttes, vil store volum kjølevann være i sirkulasjon. Dersom det oppstår behov for å rengjøre systemet med f. eks. kjemikalieinnblanding, kan vaskevannet ikke slippes ut i bekken. Det kan heller ikke slippes ut på avløpssystemet uten at det er avklart med eier av avløpsanlegget og renseanlegget (p.t. IVAR IKS). Fjordkjøkken AS må sørge for at Varhaug idrettslag er kjent med dette og at begge virksomheter har dette som en del av sin internkontroll.

Klagerett

Vedtaket kan påklages til Klif av sakens parter eller andre med rettslig klageinteresse innen 3 uker fra underretning om vedtak er kommet fram eller fra vedkommende fikk eller burde skaffet seg kjennskap til vedtaket. En eventuell klage skal angi hva det klages over og den eller de endringer som ønskes. Klagen bør begrunnes, og andre opplysninger av betydning for saken bør nevnes. Klagen skal sendes til Fylkesmannen i Rogaland.

Med hilsen

Marit Sundsvik Bendixen
Ass. Fylkesmiljøvernsljef

Kristian Solberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent av Fylkesmannen i Rogaland og krever derfor ikke signatur.

Saksbehandler: Kristian Solberg
Saksbehandler telefon: 51 56 89 28
E-post: kristian.solberg@fmro.no

Kopi til:

Ingve Skretting	Reiestad	4360	VARHAUG
IVAR IKS	Postboks 8134	4069	Stavanger
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Helge Stølen Reiestad	Reiestad	4360	VARHAUG
Jæren Jakt- og Fiskelag v/Knutzen	Hetlandsgate 10a	4340	BRYNE
Leiv Kristian Skrettingland	Nordra Tjemsland 11	4360	VARHAUG
Torstein Reiestad	Odlandsveien	4360	VARHAUG
Varhaug Idrettslag	Boks 23	4368	VARHAUG